

**Sakshandsamar:**

Jan Heggheim  
E-post: jan.heggheim@sfj.no  
Tlf.: 90566623

**Vår ref.**

Sak nr.: 17/2609-1  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

9215/17

**Dykkar ref.****Møtereferat****Referent:** Jan Heggheim**Dato**

FØRDE, 03.03.2017

**Deltakarar:**

Jølster kommune: Ordførar Oddmund Klakegg og rådmann Ellen Jensen  
Førde kommune: Ordførar Olve Grotle og rådmann Ole John Østenstad  
Sogn og Fjordane fylkeskommune: Fylkesordførar Jenny Følling, fylkesdirektør Jan Heggheim og assisterande fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad.

**Astrupsatsing**

Møte mellom Jølster kommune, Førde kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune om ei satsing omkring tunet etter kunstnaren Nikolai Astrup i Jølster.

**Oppsummering:**

Ordførar Oddmund Klakegg i Jølster gjorde greie for historia fram til dags dato. Han fortalde vidare om status i eit prosjekt i og ved Astruptunet, der det er venta ferdig forprosjekt innan kort tid. Det er ikkje mogleg å i detalj om noko som ikkje er levert. Jølster kommune understreka at dei har store forventningar til fagleg innhald og form på forprosjektet. Jølster kan med dette utnytte den retten dei har til å disponere store delar av Astrup-kunsten, noko som er til gagn for Jølster, Sunnfjord og Sogn og Fjordane.

Ordføraren i Jølster uttrykte at kommunen har trong for å vere trygge på støtte for ei Astrupsatsing, både frå nabokommunane og frå fylkeskommunen.

Førde kommune ved ordførar og rådmann uttrykte støtte til prosjektet, både økonomisk og på dei måtar som måtte vere aktuelle.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved fylkesordføraren uttrykte støtte til prosjektet, økonomisk ved at ein ser føre seg å gjenopprette tidlegare løyvingar, og med tanke på prosjektet elles. Fylkeskommunen er ein stor byggherre med mykje prosjektkompetanse. Fylkeskommunen ved dei administrative representantane ga uttrykk for stor vilje til å sikre ein god prosess i dei førebuande fasane, både som regional utviklingsaktør, og gjennom kulturminneforvaltninga.

Alle partane var samde om at det er for tidleg å utforme ein intensjonsavtale, og at ein slik avtale blir handsama politisk hos kvar enkelt når han ligg føre. Partane vil streke under viljen til å inngå avtale.

Partane er samde om at det ikkje ligg føre eit konkurranseforhold mellom fellesmagasinet og administrasjonsbygget for musea, det såkalla «Kløften-prosjektet» og Astrupsatsinga.

Dei respektive politiske organa hos den enkelte part blir orienterte via dette møtereferatet

**Mottakar (ar):**

Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE  
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune Askedalen 2 6863 LEIKANGER